

Saksprotokoll fylkestinget - 16.06.2021

«BEREKRAFTIG KYSTSONEPLAN FOR HARDANGERFJORDEN.

Fylkestinget har vedtatt ein utviklingsplan som skal gjere Vestland til det mest framoverlente fylket landet innan klima og berekraftig utvikling. Hardangerfjorden og kulturlandskapet rundt er eit nasjonalt ikon som representerer ei storsatsing innan både reiseliv, turisme og kultur kombinert med tradisjonelle næringar som industri og landbruk.

I seinare til har stadig fleire interessentar innan oppdrettsnæringer og havbruk sett på Hardangerfjorden og dei indre fjordarmane som eit større satsingsfelt. Dette skjer samstundes som villaksen, sjøauren, andre fiskeslag og faunaen i fjorden er i ein kritisk fase og vitale friluftsinteresser står på spel.

Hordaland fylkesting fekk utarbeidd ein regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger som ein pilot i bruk av retningslinjer for arealbruk. Denne planen vart stadfesta av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2020. Men denne planen omfattar berre den ytre delen av Hardangerfjorden. Og den omfattar ikkje ei konsekvensanalyse av vidare oppdrettsetableringar innover i heile fjordsystemet og samla bærekraftige miljø- og forvaltningsomsyn i heile Hardangerfjorden.

Økosystemet i Hardangerfjorden (inkludert villaksen og sjøauren) kjenner ingen kommunegrenser. Difor er tida overmoden for å få laga ein samla forvaltningsplan for heile Hardangerfjorden basert på vitskaplege, berekraftige og langsiktige vurderingar og konklusjonar for å sikre en framtidig havbruk på fjordens premisser. Her har fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, innbyggjarane og ulike næringsinteresser ei viktig rolle å spele.

På denne bakgrunn vil eg stille følgjande spørsmål til fylkesordføraren:

1. Er fylkesordføraren samd i at det er behov for å få utarbeidd ein samla kystsoneplan for forvaltning av heile Hardangerfjorden i samarbeid mellom kommunane som grenser til Hardangerfjorden og fylkeskommunen?
2. Om svaret er ja, kva initiativ ser fylkesordføraren som naturleg at kommunane tar for å få dette arbeidet i gong - og korleis kan fylkeskommunen medverke til dette?»

Svar fra fylkesordføraren:

Det er riktig at *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger* vart utarbeidd som ein pilot i bruk av retningslinjer for arealbruk og arealkart i Hordaland. Den vart vedteken av Fylkestinget i Hordaland i 2017, men ikkje stadfesta av kommunal- og moderniseringsdepartementet før i mars 2020. I tråd med overordna føringar vart ikkje planen iverksett fullt ut medan planen har vore til handsaming i departementet. I etterkant av stadfestning har Vestland fylkeskommune no starta gjennomføringa av handlingsprogrammet til planen. Utviklingsplan for Vestland vidareførte også Strategisk plan for kysten i gamle Sogn og Fjordane.

Presset på kysten er aukande og forvaltninga er prega av mange ulike interesser, på tvers av kommunegrenser og sektorar. Fylkesordførar kan vere samd i at det er behov for å sjå større område under eitt. Dette kan skje både gjennom regionale planar eller interkommunale planar.

I vedtaket av Utviklingsplanen vart det ikkje løfta fram nye regionale kystsoneplanar, men at vi skal hauste erfaringar med gjennomføring av gjeldande planar i inneverande periode. I siste del av perioden vil planane bli evaluert som eit grunnlag for nye vurderingar i neste regionale planstrategi. Her kan det bli vurdert om det er behov for nye kystsoneplanar, og på kva detaljnivå slike planar bør bli utarbeidd.

Utviklingsplan for Vestland er vår regionale planstrategi som avgjer kva regionale planprosessar som skal bli gjennomført i kvar fylkestingsperiode. Fylkestinget kan velje å starte fleire prosessar dersom ein finn det tenleg, men Fylkesordførar vil peike på at Utviklingsplanen allereie har prioritert mange og viktige planoppgåver for perioden og at mykje av kapasiteten til planlegging allereie er bunden opp. Fylkesordførar meiner Fylkestinget bør følgje intensjonane i Utviklingsplanen, og at ein først vurderer oppstart av nye kystsoneplanar etter at evalueringa av dei gjeldande er gjennomført.